

Årsmelding 2024



Innhald

SAMANDRAG.....	2
PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE.....	4
Informasjon.....	4
Nettportal.....	4
Sosiale media.....	5
Informasjonsbrev.....	5
Pressemelding.....	5
Folkemusikkarena.....	5
Sogn og Fjordane-kappleiken.....	5
TØFT.....	6
UngLåt.....	8
Vestlandskappleiken.....	9
Folkedansespor.....	10
Heimelaget.....	11
Julebord.....	12
Kulturpolitisk arbeid.....	12
Organisasjon.....	13
Styret i 2024.....	13
f.v.: Nikolai Storevik, Kirsten Johanne Friis, Berner Midthjell, Aud Sissel Orheim, Magnus Skjerdal og Judith Vestreim.....	14
Administrasjon.....	14
Årsmøte 2024.....	14
Lokallagsbesøk 2024.....	14
Medlemmer, medlemskap og representasjon.....	15
Utgjevingar.....	16
Fond.....	17
Samarbeidspartnarar og støttespelarar.....	18

SAMANDRAG

Sogn og Fjordane folkemusikklag har i 2024 halde fram med mykje aktivitet. Styresamansetninga i 2024 stod uendra frå 2023, noko vi synast er kjekt, både på grunn av det sosiale og på grunn av dei erfaringane som har vorte vidareført til året etter. Styret har hatt Aud Sissel Orheim som styreleiar, og Kirsten Johanne Friis, Berner Midthjell, Magnus Skjerdal og Judith Vestreim var styremedlemmer. Varamedlemmer har vore: Marin Stallemo Bakke, Marie Nicolaisen og Sigmund Larsen. Dagleg leiar var Nikolai Storevik. Styret har hadde 6 styremøter og handsama 56 saker i 2024, samt to planleggingsmøter i høve Vestlandskappleiken.

Laget samarbeider med mange organisasjonar som Førdefestivalen, hardingfela.no, Vestland musikkråd, Hordaland folkemusikklag, Norsk senter for folkemusikk og folkedans, FolkOrg, samt kulturskular, skular, kommunar, Vestland fylkeskommune og fleire om dei ulike tiltaka til laget. Aud Sissel Orheim var òg med på stiftingsmøtet til Vestland kulturkrets, som folkemusikklaget er ein del av.

Folkemusikklaget sjekkar jamnleg om det er nytt i folkemusikkmiljøet og sprer dette vidare på sosiale medier, nettsida og via nyheitsbrev til medlemmer. Laget sender òg ut pressemelding i høve tiltaka som er i regi av laget. Vi nyttar kalenderen FolkArr.no, som eg ein nasjonal kalender for folkemusikk- og folkedansarrangement, og som òg fins som app.

Folkemusikklaget hadde i 2024 517 medlemmer fordelt på 20 lokallag. Av desse var det 59 18 år eller yngre. Året før var det 497 medlemmer, og 59 av dei var 18 år eller yngre.

Laget forvaltar framleis Rolf Myklebust Minnefond med ein eigenkapital på kr. 13.612,81 ved årsskiftet 31.12.24. Desse midlane er innvilga til søkjarar etter ei utlysingsrunde i 2022, etter at det vart vedteke på Årsmøte 2022 at fondet skulle løysast opp. Siste rest av Myklebustfondet skal delast ut ila 2025 etter at dei siste søkjarane har rapportert inn sine prosjekt som dei fekk tildelt midlar til. Laget forvaltar òg Mo-kursfondet med eigenkapital på kr. 176.974,20 på 31.12.24.

Sogn og Fjordane-kappleiken vart i 2024 arrangert av Nordbygda spel- og dansarlag, Eid spelemannslag og Vindfylla spelemannslag på Operahuset på Nordfjordeid 5.-6. april. På kappleiken deltok 215 deltakarar fordelt på 81 klassar. På Smørbukkappleiken kom omlag 55 born for å spele, danse og syngje mot ein diplom og noko godt. Folkemusikkprisen for Sogn og Fjordane 2024 gjekk til felemakar og spelemann Harald Kvandal.

Folkemusikklaget inviterte Jakob Nødseth, medlem av Vestland fylkesting og hovedutvalgsleder for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune, ordførar i Stad kommune, Sigurd Reksnes, og operasjef Kari Standal Pavelich, til kappleiken for å auke oppmerksomheita deira mot folkemusikk og folkedansmiljøet.

Rekrutteringsprosjektet TØFT, for born og ungdom i Sogn og Fjordane som driv med folkemusikk og folkedans, tok i år form gjennom både kurs arrangert av folkemusikklaget på Skei skule 26.-28. januar, og ved utlysing av midlar til lokallaga og kulturinstitusjonar. 70.000 kr vart delt ut til 6 søkjarar som gjennomførte TØFT-arrangement rundt om i Sogn og Fjordane, både konsert (som publikum og utøvarar), dansekurs og dansefest.

19 born og unge og 6 instruktørar var i 2024 med på UngLåt som fann stad 2.-4. juli på Førde sommarhotell i høve Førdefestivalen. Folkedanseinstruktøren Tone Ingvaldsen leia òg eit dropp-inn folkedansekurs på onsdagen som var ope for alle mellom 8-19år, der til saman

13 deltok. I tillegg til spelekurs fekk deltakarane òg moglegheit til å oppleve opningskonserten Førdefestivalen. ein dansefest etterpå til musikk av Sunnfjord juniorspelemannslag, dei fekk kurs i ulike valfag og hadde det kjekt saman med andre born og unge med same interesse.

I 2024 var det Sogn og Fjordane folkemusikklag som arrangerte Vestlandskappleiken 4.-5. oktober på Thon Hotel Jølster på Skei. Omlag 240 deltakarar og 200 publikumarar var med. Særleg stor var deltakinga frå dei under 18 år, som bidrog til at kappleiken hadde den største deltakinga etter korona. Audhild Flaktveit Moxnes sin minnepris for unge hardingfeleutøvarar på hardingfele gjekk til Emil Røli Daniel i Ungdomslaget Ivar Aasen. Det vart prøvd ut nye vedtekter i år, mellom anna samanslåing klassar, for at kappleiken skal vere lettare for arrangørar i framtida og arrangere. 31 frivillige frå heile Sogn og Fjordane meldte seg til teneste under kappleiken, noko vi satt stor pris på!

Prosjektet Folkedansespor som starta i 2023 og held fram i 2024 med undervisning i grunnskular og vidaregåande skular i Sogn, Nordfjord og Sunnfjord. Instruktørane i Sogn var Øygun og Johannes Kjos og Arne og Eldbjørg Fossøy. I Nordfjord var det Asbjørg Hustveit Sølberg og Arne M. Sølberg, og i Sunnfjord underviste prosjektleiar Kirsten Johanne Friis og Leon Årdal. Fleire av elevane som var med var òg med på ulike arrangement som Bornas verdsdag i Førdehuset, Kulturatt i Førde, foreldrekveldar og Vestlandskappleiken. Prosjektet har fått svært positive tilbakemeldingar frå elevar og lærarar, og vi vonar at vi kan halde fram med prosjektet framover òg, slik at vi på lengre sikt kan skape folkedansmiljø i regionen og bli med i lokallaga rundt om.

Heimelaget har i 2024 hatt sitt andre år som spelemannslag, og Landsfestivalen på Vestnes var målet. Laget førebudde seg til det med tre kjekke øvingar på Jølster samfunnshus på Skei på sommaren, leia av Vidar Underseth. På Landsfestivalen var det med 19 stykker i laget pluss to "rekruttar". Laget kom på ein 17. plass av 24 denne gongen. Laget spelte òg til dans på Vestlandskappleiken.

Folkemusikklaget arrangerte julebord for medlemmer og andre interesserte i år òg på Thon hotell Jølster 30. november. Det vart dansekurs, konsert, god mat, allsong og dansing ut over kvelden, altså ei god avslutning på året.

PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE

Formålsparagrafen til laget styrer all aktivitet. Arbeidsprogrammet, som vart vedteke av årsmøtet i 2024 byggjer på føringane i formålsparagrafen, §1 Føremål;

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i Sogn og Fjordane gjennom å arbeide for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

Programmet hadde fire hovudpunkt: Informasjon, Folkemusikkarena, Kulturpolitisk arbeid og Organisasjon.

Informasjon

Informasjon om Folkemusikklaget sin aktivitet og anna relevant og lokal folkemusikk- og folkedansinnhald vart spreia gjennom fleire kanalar.

Nettportal

Folkemusikklaget eig domena folkemusikklaget.no, unglaat.no, sognogfjordanekappleiken.no, og vestlandskappleiken.no. Fyrstnemnde har følgjande punkt på hovudmenyen:

- Folkemusikklaget
- TØFT
- UngLåt
- Sogn og Fjordane-kappleiken
- Vestlandskappleiken
- Kalender --> Vidaresender deg til FolkArr.no
- Notehefter og Cdar
- Folkedansespor

Her vert det jamleg publisert aktuelle nyhende og saker. Sakene på nettportalen blir såleis publisert på grunnlag av informasjon frå medlemmene og andre relevante aktørar, samt dagleg leiari sin jamnlege oppsøking av informasjon.

Folkemusikklaget ønskjer at nettportalen skal spegle det som skjer på folkemusikkfronten i Sogn og Fjordane og oppmodar alle om å sende inn informasjon om arrangement i fylket.

Folkemusikklaget nyttar kalendaren FolkArr.no når vi skal registrere hendingar i folkemusikk-

og folkedansmiljøet i Sogn og Fjordane. Der finn ein arrangement innan folkemusikk og folkedans frå heile landet. Dagleg leiar registrerer jamnleg arrangement i Sogn og Fjordane som han kjem over eller vert tipsa om der.

Sosiale media

Folkemusikklaget er aktive på dei sosiale mediene, og dei ulike laga og andre relevante lokale folkemusikkarrangørar sine sosiale medie-sider vert sjekka jamnleg slik at folkemusikklaget kan spre informasjonen som vert posta der i sine kanalar. Folkemusikklaget har eiga side på Facebook med kring 1000 følgjarar. Her vert det vidareformidla eigne nyhende frå nettportalen og delt vidare folkemusikk-hendingar, relevante avisinnlegg m.m. Det har vore lagt spesielt vekt å på spreie informasjon om arrangement i Sogn og Fjordane og utøvarar frå Sogn og Fjordane, men det kjem òg av og til innlegg frå hendingar elles i fylket og relevante nasjonale hendingar. Laget har òg ein eigen konto på Instagram med omlag 400 følgjarar.

Informasjonsbrev

Det vart sendt ut informasjonsbrev på epost til medlemmer omlag 4 gongar i året, samt nokre påminningar om arrangement og fristar ved behov. I tillegg vart det sendt ut informasjon til lokallagsleiarar ved fleire høve.

Pressemelding

Folkemusikklaget sender òg ut pressemeldingar om sine tilskipingar til alle aviser og medier i Sogn og Fjordane.

Folkemusikkarena

Sogn og Fjordane-kappleiken

Sogn og Fjordane-kappleiken vart i 2024 arrangert av Nordbygda spel- og dansarlag, Eid spelemannslag og Vindfylla spelemannslag på Operahuset på Nordfjordeid 5.-6. april. På kappleiken deltok 215 deltakarar fordelt på 81 klassar. Det vart tevla både i solospel, gruppespel, og lagspel på fele, hardingfele, vokal, trekkspel og toradar. Og det vart tevla i dans, både runddans og bygdedans, i par og i lagdans. Både juniorar og seniorar deltok.

Vandrepremiar vart delt ut til dei med høgast poengsum i solo spel, solo vokal og pardanskategoriane. Atle Hoff og Mari Andrea Ness vann vandrepremiane i dans, medan Ingrid Schei Stuhaug vann i spel og Oline Løvlid i vokal.

Fredagen bydde på eit spesielt innslag som vart kalla "Sofapraten", der nestor i folkemusikk- og folkedansmiljøet Arne Sølvberg leia ein samtale med Jakob Nødseth, medlem av Vestland fylkesting og hovedutvalgsleder for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune. Ordførar i Stad kommune, Sigurd Reksnes, og operasjef Kari Standal Pavelich, var òg med. Samtalen dreia seg om folkemusikken og folkedansen, miljøet, historia, erfaringar og utfordringar. Mot slutten av praten vart dei utfordra til å danse springar, noko dei kasta seg ut i, med rettleiing frå Arne og Asbjørg.

Laurdagen vart Smørbukkappleiken halde, der rundt 55 born mellom 0 og 16 deltok med solospel, song og dans, både åleine, i par og i grupper. Etter framføringane leia Mari Andrea Ness ein dansøkt med borna, før premieutdelinga. Premiane var ein diplom og godtepose kvar, sjølvsgat med Smørbukk i.



Folkemusikkprisen for Sogn og Fjordane 2024 vart òg delt ut laurdag. Den gjekk til felemakar og spelemann Harald Kvandal for sitt uvurderlege arbeid for folkemusikken i Sogn og Fjordane.



Frivillige frå Nordbygda spel- og dansarlag, Eid spelemannslag og Vindfylla spelemannslag gjorde ein god jobb med planlegging og gjennomføring av arrangementet. Tevlingane og programmet flaut fint, deltakarane blei godt tekne imot av frivillige i sekretariatet, og kappleikskaféen serverte god mat og drikke.

Etter tevlingane heldt dansefesten fram med dans til tonane frå spelemannslaga og gruppene som vart til stades.

TØFT

TØFT er eit rekrutteringsprosjekt for born og ungdom i Sogn og Fjordane som driv med folkemusikk og folkedans. Formålet med prosjektet er å samle og rekruttere born og ungdom mellom 9 til 18 år frå Sogn og Fjordane til sosiale ungdomssamlingar, kurs, konsertar eller dans.

I år tok TØFT form gjennom både kurs arrangert av folkemusikklaget og ved utlysing av midlar til lokallaga.

TØFT-samlinga på Skei skule i Jølster fredag til søndag, 26.-28. januar, samla born og ungdom frå 9 til 16 år frå Sogn og Fjordane og nokre frå Møre og Romsdal, til å spele folkemusikk saman. Det vart ei kjekk helg med musikalsk og sosialt samvær. Dei eldste deltakarane deltok frå fredag til søndag, medan dei yngste slutta seg til arrangementet frå laurdag til søndag. Totalt deltok 13 born og ungdommar på kurs i hardingfele. For at alle skulle vere med, vart felene stemt om til hardingfelestille, slik at alle



kunne spele saman. Vi skulle gjerne hatt fleire deltakarar på kurset, og det var mange som hadde meldt seg på i utgangspunktet som måtte melde avbod i dagane før kurset av ulike grunnar, som t.d. ras og sjukdom.

Erfarne instruktørar leia kursa, der kulturskulelærar i Bergen, Ida Marie Rognsvåg og distriktsmusikar i Sogn, Marin Stallemo Bakke heldt kurs for dei eldste deltakarane. Vidar Underseth, tidlegare fylkesmusikar i Sogn og Fjordane, held kurs for dei yngste.

Samlinga inkluderte ikkje berre speleøktar, men òg lek og dans, leia av Kirsten Johanne Friis og Leon Årdal. Deltakarane fekk òg høyre ein minneverdig konsert på Jølster samfunnshus laurdag kveld, der Kviven duo, beståande av Jorunn Marie Kvernberg og Britt Pernille Frøholm, imponerte med sitt briljante og energiske samspel. Sistnemnde er nyleg tilsett som distriktsmusikar på hardingfele i Sunnfjord. Kurset vart avslutta søndagen med ein konsert for foreldre, der dei unge kunne vise det dei hadde lært.

Folkemusikklaget lyste òg ut omlag 70.000 kr i TØFT-midlar som gjekk til diverse TØFT-arrangement rundt om i Sogn og Fjordane.

Førdefestivalen arrangerte konsert med Naaljos Ljom 4. april for ungdomskuleelevar. Dei inviterte 300 elevar og lærarar, og det kom 220 publikummarar til konserten. 200 elevar frå 8. og 9.klasse og 20 lærarar. Førdefestivalen ynskja at ei yngre målgruppe kunne få oppleve folkemusikk i ny drakt, og vi fekk oppleve tradisjonell norsk mikrotonal folkemusikk blanda med elektronikk. Festivaldirektør og frivilligansvarleg heldt ein kort introduksjon om festivalen og muskarane. Muskarane var bevisste sitt publikum og det vart eit fint samspel mellom muskarane på scena og publikum. Konserten vart heldt på Larris scene i Førde, og elevane fekk oppleve klubbkonsert med profesjonell lyd og lys. Førdefestivalen ytra òg ynskje om å hyre inn ein folkedansar til å undervise elevane i folkedans, men økonomien strakk ikkje til denne gongen. Likevel gav dei ungdomane eit inntrykk av kva folkemusikk kan vere, og skapte forhåpentlegvis ny interesse hjå elevane.

Gaular spelemannslag skipa til ei TØFT-samling i Viksdalen laurdag 13. og søndag 14. april. På samlinga var det kurs i pols (dans) laurdagen, med Anne Grete og Rolf Bjørgan. Denne delen av samlinga var for alle aldrar, og deltakarane hadde eit aldersspenn frå 8-70 år. Heile 37 personar deltok, noko som truleg er rekord i Viksdalen. Laurdagskvelden vart det ein skikkeleg dansekveld, som òg samla folk i alle aldrar. Den yngste på golvet denne kvelden var 3 år, den eldste over 80. Det vart noko fellesdans, der alle vart oppfordra til å vere med. Det vart ein stor ring og god stemning i både marsj, familievals og finsk reinlender. Både erfarne og ferske dansarar vågde seg utpå golvet, og alle fekk oppleve både meistring og danseglede. Elles var det fri dans, og særleg ungdomane var aktive på golvet frå start til slutt i både springar, halling, runddansar, turdansar. Indre Sunnfjord spelemannslag, Jølstrabelgen og Egil Furenes spelte til dans gjennom kvelden. Søndag var det hallingkurs med Rolf Bjørgan for born og ungdom frå 9 - 18 år. Dette utvida halling-kunnskapen til 26 born og ungdom med kast, sprett og hallingsprell! Det vart òg ei god økt med «små-TØFT» på søndagen, med song og dans for born under 9 år, der born og foreldre/ besteforeldre fekk synge, danse og lære noko saman. Her var det Elin Pehrson Grytting og Mari Andrea Ness som var instruktørar. Repertoaret var lokale songar, songleikar og historier, samt dansar tilpassa aldersgruppa. På «små- TØFT» var det 14 born, frå 1,5 år (!) til 8 år - saman med foreldre/ besteforeldre. Denne TØFT-helga samla deltakarar frå Viksdalen, Sande, Holsen, Førde og Fjærland.

Hyen spelemannslag hyra inn danseinstruktørane Mari Andrea Ness og Elin Grytting til Hyen skule til 5 dobbelttimar med 4.-10. klasse. I tillegg underviste dei på ungdomsklubben ved to høve. Dansane dei lærte på desse dobbelttimane fekk dei danse på Hyen spelemannslag

sin dansefest 17. mai i Hyen. Der var i alt 23 stykker med, og det gav meirsmak for fleire av desse. Dei ville difor halde fram med dansing til hausten òg. Hyen forsøkte òg å få til eit spelekurs på fele, men dette hadde dei for få deltakarar til. Det vart likevel noko spelekurs for enkelte som hadde spelt tidlegare.

22 born var med på Hornindal spelemannslag sitt TØFT-prosjekt. Nokre var med i kvedargruppa til laget frå før, og nokre var nye òg. Den eine gruppa bestod av dei mellom 6 og 12 år, og den andre var med dei som var yngre enn det. Prosjektet bestod i øvingar/kurs med matpausar. På kursa lærte dei folkesongar, folkedansar, songdansar og leikar. Det dei lærte på kurset fekk dei synt fram på 17. mai og for dei eldre i Hornindal sanitetslag. Prosjektet var svært kjekt og sosialt for dei små. Den erfarne folkesongaren og pedagogen Oline Løvlid var leiar i kurset og stod for trykking av songhefter og matlaging. I tillegg var Anna Gjendem og Tove Elise T. Dale med som instruktørar.

Breim spelemannslag tok initiativ til å setje i gong danseprosjektet «Ferske steg i gamle spor», som gjekk ut på å lære elevar i Gloppen kulturskule folkemusikk og folkedansar. Prosjektet kuliminerte i ei framsyning i Trivselshagen på Sandane 29. mai, der 26 elevar var med. Gloppen kulturskule tok ansvar for dansen i prosjektet og Breim spelemannslag for musikken. Distriktmusikar Henrik Silfverhielm og spelekvinne Helene Myklemyr Bolstad var med som instruktørar. Etter konserten kom det fram frå publikum, instruktørar og leiarar, at dette er eit spor som må følgjast vidare.

Pederhusets Vener gjennomførte eit formidlingsprosjekt med folkemusikk og folkedans i samarbeid med Gloppen Kommune i dagane 27.-29 mai. Musikar Sigrid Moldestad og folkedansar Mari Andrea Ness stod for prosjektet på vegne av Pederhusets Vener. I perioden besøkte dei alle barneskulane i Gloppen Kommune; Hyen Skule, Nordstranda Skule, Sandane Skule og Breim Skule. Under besøket fekk elevar 5.-7. klassane møte Sigrid Moldestad i ein liten minikonsert og samtale om og med folkemusikk, slåttespel og song. Her var elevane òg aktivt med. Deretter flytte dei til eit eigna rom for danseøkt med Mari Andrea, der dei fekk prøve seg på gamalt, springar, halling og polka/reinlender. Til saman varte kvart besøk ca. 1 time og 45 minutt. Prosjektet var i samarbeid med Gloppen Kommune, og var særst godt takka vere kontaktperson Olin Almenning frå kommunen. Opplevingar til Pederhusets Vener var at dette vart teke svært godt i mot, og tilbakemeldingane frå skulane til kommunen tyder på det same. Fleire uttrykte ynskje om å gjere meir av dette. Det er tredje gong dei gjennomførte slike besøk. Dei gjorde noko liknande både i 2019 og i 2022, då med besøk til Pederhuset i tillegg til at dei reiste til skulane, noko dei ynskjer å halde med i framtida òg.

TØFT 2024 var sponsa av Furestiftelsen, Frifond, KOMP og FolkOrg. Vi takkar så mykje for tilskota.

UngLåt

19 born og unge var i år samla på Sunnfjord folkehøgskule, som vert kalle Førde sommarhotell i sommarmånadane. Kurset skjedde 2.-4. juli, med tilbod om å vere der til 5. juli dersom dei òg ville vere med på opningskonserten til Førdefestivalen. Dei var samla for å vere med på kurs i hardingfele, fele og trekkspel, men ikkje minst for å treffe gamle og nye kjende. Deltakarane kom både frå Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

På kurset fekk deltakarane gruppeundervisning av dyktige instruktørar, der fleire av dei var med som utøvarar på Førdefestivalen. Alexander Røyndstrand og Irene Bjørke var instruktørar i hardingfele for størsteparten av deltakarane. Jo Einar Janssen og Johanne

Mjøs var instruktørane på felekurset og Kristina Bjørdal var trekkspelinstrukør. I tillegg var Emil Horstad innom for å halde eit lite minikurs på onsdagen. Tone Ingvaldsen var danseinstruktør, og underviste i ulike typar folkedans og leia mange kjekke leikar for deltakarane. Ho leia òg eit dropp-inn folkedansekurs på onsdagen som var ope for alle mellom 8-19 år, der til saman 13. På kurset vart det lært vekk ulike turdansar, reinlender, halling, springar og pols.

På onsdagskvelden fekk deltakarane på UngLåt prøve seg på ulike valfag, der dei kunne velge to av fylgjande valfag: "Dansefest på 1, 2, 3" med Tone og Jo Einar, "Rørspols" med Tone og Jo Einar, "Folkemusikksafari", altså litt folkemusikk i perspektiv, med Alexander, "Lytting" med Irene der deltakarane samla inn lydar og laga komposisjonar, "Bueleikar og andre leikar" med Johanne, og "Korleis lage 2. stemme" med Kristina. Elles så var pausane fylt med å utnytte fasilitetane på folkehøgskulen. Der var ping pong, biljard, futsal, shuffleboard og airhockey, i tillegg til ein heil gymssal som det var fritt fram å bruke som ein ville. Brettspela vart òg godt utnytta. Etter UngLåt-konserten på torsdagen, var den offisielle delen av UngLåt ferdig. Nokre reiste heim etter det, men 12 stykker var att for å vere med instruktørane på Opningskonserten til Førdefestivalen i Førdehuset. Der fekk dei oppleve folkemusikk frå heile verda i ein konsert, noko som var svært spennande. Etter konserten var det dans til Førde juniorspelemannslag, òg i Førdehuset, før deltakarane reiste kvar til sitt.

Vi vil takke alle deltakarar, instruktørar, frivillige, dei ansatte på Førde sommarhotell, Hordaland folkemusikklag og Førdefestivalen for eit kjekt kurs! Vi vil rette ein særleg takk til Sparebankstiftinga, Vestland fylkeskommune, Norsk senter for folkemusikk og folkedans, KOMP, Sunnfjord kommune og Luster sparebank for tilskota som gjorde kurset mogleg.



Foto: Arve Ullebø

Vestlandskappleiken

Helga 4.-5. oktober samlast omlag 240 deltakarar og 200 publikumarar på Thon Hotel Jølster på Skei i høve Vestlandskappleiken. Det vart tevla i spel, song og dans, både solo, i par, grupper og lag, både i dei gamle bygdedansformene som springar, halling og rull, og dei nyare runddansformene som vals, reinlender, hamborgar og masurka. Kappleiken var delt inn i Sjokoladekappleiken for dei minste, juniorklasser for dei opp til 18 år og senior

for dei over. Særleg stor var deltakinga frå dei under 18 år, som bidrog til at kappleiken hadde den største deltakinga etter korona. Dette viser at kappleiken truleg er liv laga, sjølv om det i nokre år har vore diskusjon om den kjem til å halde fram med å verte arrangert.

Audhild Flaktveit Moxnes sin minnepris for unge hardingfeleutøvarar på hardingfele gjekk til Emil Røli Daniel i Ungdomslaget Ivar Aasen.

I år var det Sogn og Fjordane folkemusikklag som arrangerte Vestlandskappleiken. På grunn av sin sentrale beliggenheit, og ettersom folkemusikklaget vanlegvis har styremøter der, vart kappleiken arrangert på Thon Hotel Jølster. Samarbeidet til hotellet svært bra, og dei var ein viktig faktor for at vi fekk gjennomført arrangementet. Vi fekk mange gode tilbakemeldingar på valg av lokale, og at det var flott at overnatting, mat og tevlingsarenaene var under same tak.



Det vart prøvd ut nye vedtekter i år, mellom anna samanslåing av ABCD-klassar til senior og juniorklassar, samanslåing av runddans og bygdedans i speleklassane, samt at vi fjerna rangering nederste delen av juniorklassane. Sistnemnde vart ikkje vidareført, men dei to andre vart vidareført. Sjå alle nye vedtektene på vestlandskappleiken.no. Vedtektsendingane skuldast at vi ynskja å gjere kappleiken enklare å arrangere, for at fleire i framtida vil ta på seg arrangeringa.

Det vart mobilisert frivilligkrefter frå folkemusikk- og folkedansmiljø i heile Sogn og Fjordane. 31 frivillige meldte seg, og bidrog til at deltakarar og publikum fekk ei svært triveleg helg. Dei frivillige frå ulike stader i Sogn og Fjordane jobba flittig både før, under og etter kappleiken. Utallige timar har gått til planlegging, logistikk, informasjonsspreiing, baking, innkjøp, organisering, utskriving, telefonsamtalar, epostsendingar, møter, skriving, rigging, henting, frakting, rydding, servering, diskutering og meir. Dette engasjementet som dei frivillige viser, tyder på at det er eit miljø som er verdt å ta vare på. Det tyder på at det handlar om meir enn dyrkinga av folkemusikken og folkedansen på Vestlandet, og at det sosiale i folkemusikk og folkedansmiljøet òg er svært viktig. Om folkemusikklaget arrangerar Vestlandskappleiken i framtida, vil tida vise.



Folkedansespor

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har sett i gang eit prosjekt for å gje born og unge i skulane i Sogn og Fjordane kjennskap til folkedanstradisjonane våre, både springar, halling og rundansar som polka, vals og reinlendar. Målet er å auke deltakinga i folkedansmiljøa og rekruttere nye dansarar til eksisterande lag og aktivitetar. Prosjektet starta i 2023 og held fram i 2024 med undervisning i grunnskular og vidaregåande skular i Sogn, Nordfjord og Sunnfjord.



Folkedansespor



Kirsten Johanne Friis og Leon Årdal på Skei skule, Førde barneskule og Sunde skule, der rundt 140 elevar fekk lære bygdedans med innslag av runddans.

Elevane som deltok i prosjektet, fekk også høve til å vise fram danseferdigheitene sine på ulike arrangement som Bornas verdsdag i Førdehuset, Kultur natt i Førde, foreldrekveldar og Vestlandskappleiken.

På lengre sikt ønskjer prosjektet å skape folkedansmiljø i regionen og bli med i lokallaga rundt om. Ungdom blir oppmuntra til å ta eigarskap til folkedansaktivitetar, og prosjektet vidareutviklar arenaer som Unglåt og TØFT for unge folkedansarar.

Tilbakemeldingane frå både elevar og lærarar har vore svært positive. Mange uttrykkjer glede og interesse for folkedansen, og fleire skular ønskjer å bli inkluderte i prosjektet framover. Sogn og Fjordane Folkemusikklag takkar alle bidragsytarar og deltakarar for innsatsen. Særleg vil vi takke Vestland fylkeskommune og FolkOrg for tilskota i 2024. Vi ser fram til å vidareføre arbeidet med å styrke folkedansen si stilling i regionen.

Heimelaget

Heimelaget, spelemannslaget for heile Sogn og Fjordane, har i 2024 hatt sitt andre år som spelemannslag. I 2023 vart spelemannslaget oppretta som eit tiltak for å samle spelemenn og spelekvinne eit stort hardingfelelag som skulle delta på Landsfestivalen i Førde. Målet var trivsel, motivasjon, interessedyrking, meistring, miljøskaping og auka aktivitet i folkemusikkmiljøet. Eit sidemål var sjølvstekt å slå austlendingane i tevlinga på Landsfestivalen. Faktisk kom laget på 8. plass av 23 på lagspeltevlinga, noko vi er svært nøgde med. Prosjektet slo så godt an at folkemusikklaget ville vidareføre prosjektet til året etter.

I 2024 var Landsfestivalen på Vestnes målet og Heimelaget førebudde seg til det med tre kjekke øvingar på Jølster samfunnshus på Skei på sommaren, leia av Vidar Underseth. Han lærte vekk heile 9 slåttar i fjor, og i 2024 vart "Reinlender etter Alf Åsnes" og "Springpolka etter Inge Takle" lagt til i repertoaret.

Det hadde vore naturleg å kalle laget for Bortelaget på årets Landsfestival, men namnet Heimelaget satt så godt at det vart med det. Heimelaget fekk ei god oppvarming ved å spele til dans kvelden før tevlinga som var fredag 2. august. Det var god trøkk i laget både under

dansespelinga og tevlinga. 19 stykker deltok i laget pluss to "rekruttar". Laget kom på ein 17. plass av 24 denne gongen.

Vel to månader seinare stilte Heimelaget opp att til dansespeling på i høve Vestlandskappleiken 5. oktober på Skei. Det var òg ein kjekk speling, og dansegolvet var tettpakka med dansegilde folk over midnatt på Thon Hotel Jølster.

Vi vil takke alle som var med i Heimelaget i år òg, både på øvingane, Landsfestivalen og Vestlandskappleiken. Vi vil rette ein særleg takk til Vidar Underseth, som har losa laget gjennom øvingar og spelingar, og lært vekk slåttar frå heile Sogn og Fjordane. Vidar held ikkje lenger fram som musikalsk leiar for Heimelaget, men vi vil påstå at det ikkje kunne vore ein betre kandidat til jobben som musikalsk leiar for eit slikt distriktslag, på grunn av sin kunnskap om slåttar frå heile Sogn og Fjordane etter mange år som fylkesmusikar.



Foto: Per Tomas Kjørvik

Julebord

Folkemusikklaget arrangerte julebord for medlemmer og andre interesserte i år òg på Thon hotell Jølster. Den fann stad 30. november. Før julebordet var omlag 16 av deltakarane med på eit runddanskurs leia av Johannes og Øygun Kjos, og spelemenn er Ingebjørn Lotsberg og Rasmus Henden. Etter dette var det tid for ein forrykande konsert med duoen Britt Pernille Frøholm og Kristina Farstad Bjørdal.

Etter konserten gjekk folket til bords og åt ein deilig julemiddag i godt lag. Der var innslag av allsong, leia av styret i folkemusikklaget. Ut over kvelden var det dans til musikk av Fjellklang Spelemannslag, Austrheim Musikklag, Indre Sunnfjord Spelemannslag, Gloppen Hardingfelelag, Eid Spelemannslag og Heimelaget.

Vi vil takke alle som var med og avslutta folkemusikk- og folkedansåret med oss, både dansande og spelande!

Kulturpolitisk arbeid

Folkemusikklaget inviterte i år Jakob Nødseth, medlem av Vestland fylkesting og hovedutvalgsleder for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune, rdførar i Stad kommune, Sigurd Reksnes, og operasjef Kari Standal Pavelich til Sogn og Fjordane-kappleiken for at dei skulle få oppleve folkemusikkmiljøet og få oppmerksomheit retta mot miljøet. Dei var med på eit innslag som vart kalla «sofapraten», der Arne Sølvberg var programleiar. Samtalen dreia seg om folkemusikken og folkedansen, miljøet, historia,

erfaringar og utfordringar. Mot slutten av praten vart dei utfordra til å danse springar, noko dei kasta seg ut i, med rettleiing frå Arne og Asbjørg. Vi vonar at besøket gjorde til at dei fekk augene opp for folkemusikken og folkedansen og viktigheita av denne.

Aud Sissel Orheim var med på stiftingsmøtet til Vestland kulturkrets 7. desember. Kulturkretsen skal styrke frivillige kulturorganisasjoner i Vestland økonomisk, organisatorisk, kompetansemessig og kulturpolitisk. Kulturkretsen skal også arbeide for å styrke rammevilkårene for det frivillige kulturlivet, og være en aktiv aktør i utvikling av både regional og nasjonal kulturpolitikk.

Øg i år har vi fått mykje midlar frå Vestland fylkeskommune til Folkedansespor. Heile kr. 400.000 kr i KUP-midlar (Kulturelt utviklingsprogram). Dette tyder på at Vestland fylkeskommune prioriterer folkedansen. Vi fekk òg kr. 110.000 kr i Dextra Musica-midlar frå FolkOrg.

Organisasjon

Folkemusikklaget er ein ideell organisasjon som frammar interessa for folkemusikk og folkedans. Vi er eit regionledd under FolkOrg og paraplyorganisasjon over dei 20 lokallaga i Sogn og Fjordane. Vi held fram med dette, sjølv om fylkesgrensene ser ansleis ut enn då laget vart stifta.

Folkemusikklaget held fram samarbeid med andre kulturaktørar. Særleg gjennom Folkedansespor samarbeidar vi med kulturskular, skular, lokallag, eldsjeler, hardingfela.no, Vestland fylkeskommune, Norsk senter for folkemusikk og folkedans og FolkOrg.

Gjennom UngLåt samarbeidar vi med Førdefestivalen, og med Hordaland folkemusikklag, samt kulturskulane og distriksmusikarane. Vi samarbeider med lokallaga gjennom TØFT og kappleikane Sogn og Fjordane-kappleiken og Vestlandskappleiken, og rådgjever så ofte vi kan der. Vi har i år òg fått Vestland kulturkrets, og er spente på kva dei kan få til framover.

Vi har gode ressursar i styret som initierer tiltak stadig vekk, som kjem til syne gjennom tiltaka Folkedansespor, Heimelaget og julebord. Styremedlemmer er òg representert i Vestland musikkråd, Førdefestivalen, og andre stader.

Styret i 2024

Det nye styret etter valet på årsmøtet 2024 er dette:

Aud Sissel Orheim (styreleiar)	på val i 2025
Kirsten Johanne Friis	på val i 2025
Judith Vestreim	på val i 2025
Berner Midthjell	på val i 2026
Magnus Skjerdal	på val i 2026

Varamedlemmer

på val kvart år

Marin Stallemo Bakke

Marie Nicolaisen

Sigmund Larsen

Styret har hatt 6 styremøte i 2024, både fysiske og digitale, og handsame 56 saker. I tillegg har vi hatt to møter for planlegging av Vestlandskappleiken som folkemusikklaget stod som arrangør for.



f.v.: Nikolai Storevik, Kirsten Johanne Friis, Berner Midthjell, Aud Sissel Orheim, Magnus Skjerdal og Judith Vestreim.

Administrasjon

Dagleg leiar i Sogn og Fjordane folkemusikklag er Nikolai Storevik som vart tilsett som dagleg leiar i 2022.

Rekneskapan vert ført av ØKONOMISERVICE AS som er lokalisert i Lærdal. Dette er eit autorisert rekneskapsbyrå. Det medfører at vi ikkje treng velje vår eigen revisor.

Årsmøte 2024

Årsmøtet i 2024 vart halde i Operahuset i Nordfjordeid i etterkant av Sogn og Fjordane-kappleiken. 9 lokallag møtte med i alt 12 representantar. Frå styret deltok Aud Sissel Orheim (møteleiar), Kirsten Johanne Friis, Berner Midthjell, Magnus Skjerdal og Judith Vestreim. Dagleg leiar Nikolai Storevik var referent. Frå valnemnda møtte Knut David Hustveit, og i tillegg var 5 observatørar til stades. Protokollen frå møtet kan lesast på folkemusikklaget.no --> Folkemusikklaget --> Årsmeldingar/Årsmøteprotokollar.

Lokallagsbesøk 2024

Folkemusikklaget hadde ingen offisielle lokallagsbesøk i 2024, men styremedlemmene er òg medlemmer i fleire lokallag i Sogn og Fjordane og møter stadig vekk lokallaga vi sine lokale

lag.

Medlemmer, medlemskap og representasjon

Folkemusikklaget hadde i 2024 517 medlemmer fordelt på 20 lokallag. Av disse var det 59 18 år eller yngre. Året før var det 497 medlemmer, og 59 av dei var 18 år eller yngre.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har medlemskap i:

- FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans
- Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival (Førdefestivalen)
- Vestland Musikkråd der styremedlem i SFFL Berner Midthjell og Judith Vestreim er med i styret.
- Rådet for hardingfela.no
- Vestland kulturkrets

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har i 2024 vore representert på:

- SFFL presenterte sitt arbeid for Vestland fylkeskomme - webinar 20. juni om høyring og offentleg ettersyn for utviklingsplan for Vestland 2024-2028
- Kirsten Johanne Friis la fram rapport for Folkedansespor på Folkelarm i november
- Representantskapsmøte i Førdefestivalen 10. desember v/Kirsten Johanne Friis.
- Stiftingsmøtet til Vestland kulturkrets 7. desember v/Aud Sissel Orheim.

Utvalg av medlemmer og lokallag på Landskappleiken og Landsfestivalen

Det var fleire frå lokallaga i Sogn og Fjordane som deltok på Landskappleiken og Landsfestivalen i 2024, og ettersom det er mange å nemne, trekker vi fram nokre få her:

Landsfestivalen på Vestnes:

- Ein heile halve maone kom på 3. plass i gruppespel senior
- Lystringen kom på 1. og Nordbygda spel og dansarlag kom på 3. plass på lagdans
- Emil Horstad frå Naustedalen spelemannslag kom på 1. plass i trekkspel senior

Landskappleiken på Gol:

- Åsmund Farstad Arnesen frå Spelemannslaget Fjelljom kom på 1. plass i hardingfele B, samt kom på 5. plass i fele A.
- Leon Årdal og Kirsten Johanne Friis frå Indre Sunnfjord spelemannslag kom på 1. plass på dans klasse D med sin jølstraspringar.
- Harald Kvandal frå Gloppen hardingfelelag kom på 3. plass i instrumentutstillinga.

Resultatlistene for LK og LF kan ein sjå på nettsida resultat.folkorg.no.

Resultatlistene for Vestlandskappleiken kan ein sjå på vestlandskappleiken.no.

Resultatlistene for Sogn og Fjordane-kappleiken kan ein sjå på sognogfjordanekappleiken.no.

Utgjevingar

Sogn og Fjordane folkemusikklag har eit lager med notehefter og CDar som ligg ute for sal. Oversikt ser du nedanfor. For informasjon om prisar og bestilling, finn ein dette på nettsida folkemusikklaget.no --> NOTEHEFTER OG CDAR.

Rolf Myklebust: «Slåttar i Nordfjordtradisjon»

Rolf Myklebust sine seks notehefte med Slåttar i Nordfjordtradisjon vart utgjeve av Folkemusikklaget i 1985 og 1986. Laget har 90 av hefte nr. 1, 82 av hefte nr. 2, 96 av hefte nr. 3, 83 av hefte nr. 4, 137 av hefte nr. 5 og 127 av hefte nr. 6 på lageret sitt i 2023, og i det er ikkje selt noko i 2024.

«Skumringstimen» - vokal folkemusikk frå Sogn og Fjordane

Boka Skumringstimen vart gjeven ut i 1998, og inneheld ei samling folkesongar skrivne ned etter kjelder frå alle kommunane i fylket. Boka inneheld også to cd-plater med opptak av

kjeldene. Folkemusikklaget har 29 hefter på lager ved utgangen av 2023. Framleis er det mange att.

Andre utgjevingar som laget har for sal:

(Tala i parentes viser restopplaget. pr. 31.12.23)

Notehefter:

- Lars Hjelbakk: 17 slåttar (17 stk.)
- Einar Eimhjellen: Slåttar og spelemenn i gamle Naustdal (7 stk.)
- Slåttar frå Jølster (3 stk.)
- Steindalsslåttar (1 stk.)

CDar:

- Sigmund Eikås: På hogg og belegg (11 stk.)
- Einar Eimhjellens gammaldansorkester: Jenta va mi, se du (1 stk.)
- Naustedalen SL: Dans i Fosshalla (6 stk.)
- Sigurd Eldegard: Hardingfele (195 stk.)

Fond

Sogn og Fjordane folkemusikklag forvaltar Rolf Myklebust Minnefond og Mokursfondet.

Rolf Myklebust Minnefond

På Årsmøte 2022 vart det vedteke at alle midlane i Rolf Myklebust Minnefond kunne delast ut utan grense for storleiken på kvar tildeling, og at fondet skulle avsluttast når kontoen var tom. Det vart lyst ut resten av midlane med ein frist 1. desember 2022. Vedtak om tildeling av midlane vart gjort 10. januar 2023.

I 2023 vart det delt ut midlar frå Myklebustfondet til følgjande prosjekt:

- Gruppa Nygamle svisker ved Magnus Skjerdal mottok kr. 31.200 til innspeling av album med Ola Haugland sine slåttar. Denne innspelinga er no gjeven ut, samt at det har vorte laga eit fyldig hefte med Ola Haugland sine slåttar.
- Marthe Aa mottok kr. 7.800 til bokutgjeving med slåttar og songar, samt historiane om slåttane, songane, dansane og utøvarane frå Hyen. Boka er ikkje komen ut endå, men Marthe og Fredrik er i god gong med prosjektet og har haldt foredrag i Hyen i oktober.
- Elin Grytting mottok kr. 23.400 til CD - utgjeving med teksthefte av arkivmateriale med folkesongaren og spelemannen Paul Berstad. Vi gler oss til å høyre denne så snart den kjem ut i 2025.
- Krudlalaget ved Judith Vestreim mottok kr. 19.500 til bokutgjeving i høve Krudlalaget 35 år med tittel «Songs katten frå Sogn og Fjordane». Prosjektet er framleis i emning og har planlagt fullføringsdato i 2025.
- Hornindal spelemanslag ved Gunnhild Sindre mottok kr. 23.400 for CD - utgjevinga «Til minne om Lars Hjellbakk». Denne kom ut i 2024.

Ved tildeling mottok søkerane 75% av midlane som vart innvilga, dei resterande 25% vart utdelt etter at søkerane har sendt inn rapport ved prosjektslutt. Pr. 31.12.24 hadde difor Rolf Myklebust Minnefond ein eigenkapital på kr. 13.612,81, ettersom 3 prosjekt ikkje er fullført endå.

Les meir om fondet på folkemusikklaget.no → FOLKEMUSIKKLAGET (fane) → Rolf Myklebust Minnefond (fane)

Mokursfondet

Mokursfondet vart oppretta etter vedtak av årsmøtet 2011 og skal byggjast opp av driftsoverskot frå Mokurset, samt renteinntekter av fondet sin eigenkapital. No vert ikkje Mokurset arrangert lenger f.o.m. 2019, grunna økonomiske årsakar og låge påmeldingstal. UngLåt er arvtakaren til Mokurset. Ettersom dette kurset ikkje vert arrangert på Mo jordbruksskule, men på Sunnfjord FHS, er det ikkje naturleg å kalle dette kurset for Mokurset.

Midlar i Mofondet vert no nytta til å dekkje eit eventuelle driftsunderskot frå UngLåt, og til å gjere investeringar i UngLåt etter vedtak i styret. Det har ikkje vorte nytta midlar frå Mokursfondet i 2023, men overskotet frå UngLåt 2022 vart overført til dette fondet i 2023.



Det er ingen endringar i fondet i 2024 anna enn renter. Fondet sto difor pr. 31.12.24 med kr. 176.974,20 i eigenkapital.

Samarbeidspartnarar og støttespelarar

Laget vil med dette rette ei stor takk til alle desse:

- Vestland fylkeskommune
- Norsk senter for folkemusikk og folkedans
- Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- Furestiftinga
- Sparebanken Vest
- Frifond
- Førdefestivalen
- FolkOrg
- Luster sparebank
- KOMP
- Sunnfjord kommune
- Vindfylla spelemannslag, Nordbygda spel- og dansarlag og Eid spelemannslag for arrangering av Sogn og Fjordane-kappleiken
- Hardingfela.no
- Lokallaga i Sogn og Fjordane
- Hordaland folkemusikklag
- Distriktsmusikarar, skular og kulturskular
- Og ikkje minst eldsjelane våre